

European BEST Newspaper AWARD
Kategori: Kommunikasjon & Journalistikk

Kvinnheringen

FREDAG 28. OKTOBER 2016 • NR 122 • 44. ÅRGANG • LAUSSAL KR. 25.- • TELEFON 53 48 21 30

Målet er å gjera det enklare for bok-lanarane
Kvartal
Siste side



25 supre år i Myro

EIN STRÅLANDE STAD: Svein Jarle Legland var av dei første som flytta inn i Myro i Uskedalen for 25 år sidan. Då gledde han se storleg, og no 25 år seinare har han berre godord å seia om plassen han flytta til. **SIDE 2 OG 3**

SKULEMANNEN
På ingen måte ein pensjonist
For tre år sidan gjekk Asbjørn Skår av som kommunalsjef, men pensjonist er han ikkje blitt. **SIDE 7**

TRESKJERAREN
Tusenkunstnar på Halsnøy
Arvid Selsta er det vi verkeleg kan kalla ein tusenkunstnar. Herne lagar han det mest utrulege av tre. **SIDE 10-12**

Utsnitt frå framsida av Kvinnheringen i dag.

I dagens utgåve av Kvinnheringen er det eit stort oppslag om at det er 25 år sidan førstemann flytta inn i omsorgsbustad i Myro. Det var Svein Jarle Legland(56 år) som då flytta inn i eigen bustad. Bufellesskapsprosjektet i Myro var ein suksess, og Svein Jarle har dei siste 25 åra vore eit smilande bilete på trivselen i bygda vår.



Svein Jarle Legland gjev mykje ros til Anne Kjersti Lunde og resten av personalet. Faksimile frå Kvinnheringen.

Svein Jarle Legland bur no i leilighet i Hagetunet etter at han flytta ned dit for 6 år sidan. Han fortel om livet sitt i Uskedalen gjennom alle åra, og korleis den tidlegare arbeidstakaren på AFA(Kvinnherad Vekst AS) fyller no. Han er raus med rosen både til personalet på Hagetunet og bygdefolket. Vi kjenner godt den positive, smilande og snakkesalige karen gjennom intervjuet.

At han har ei hovudinteresse for musikk er heller ikkje overraskande. Vi kjenner han so fast og ivrig tilhøyrar på alle konsertar og arrangement med musikk her i Uskedalen. At han er musikar sjølv er kanskje nytt for dei fleste. Tidlegare har han spela blokkfløyte, men no vert det mest keyboard. Det er nemleg det instrumentet han trakterer i bandet TRØKK som han er med i.

Abonnentane og kjøparane av Kvinnheringen får seg ei koseleg stund med intervjuet med Svein Jarle Legland i dag!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland